



## Referat frå møte i FAU (Foreldra sitt arbeidsutval)

**Onsdag 27. april 2022 kl. 19.00 – 20.30**

**Møtestad: Auditoriet på Slåtten skule.**

**Representantar:** 1A Amela Sabic, 1B Torje Hirth, 2A Kristin Breivik, 2B Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes, 2C Bjarte Lillehaug, 3A Tove Eikeseth Klakegg, 3B Therese Stokke, 3C Ina Ørjansen, 4A Veronika Kvalsvik Løvold, 4B Jeaneth Rosnes, 4C Therese Cecilie Bøyum, 5A Hjørdis Vik, 5B Christian Moltu, 6A Kerima Alette Førde, 6B Maria Steimler, 7A Bård Honningsvåg, 7B Gunnhild Sande, 7C Kirsti Solheim.

### **14 av 18 klassar var representerte.**

Therese Bøyum 4C, Andreas Førde 4B, Tove Eikeseth Klakegg 3A, Christian Moltu 5B, Amela Sabic 1A, Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes 2B og 4B, Maria Steimler 6B, Kristin Breivik 2A, Ina Ørjansen 3C, Gunnhild Sande 7B, Merethe Tollefsen 2C, Karianne Aaland 7C og Heven Ali 5A.

### **Sakliste**

Sunnfjord tomteselskap vil regulere område vest for Slåtten skule til bustadfelt. I høve reguleringsprosessen ønsker tomteselskapet dialog med skulen.

Som del av medverknadsprosessen presenterte Grete M Sellevoll og Gisle Stafsnes, frå tomteselskapet, FAU-representantane ved Slåtten skule om reguleringsplanane. Sjå vedlegg.

Det er planar om å bygge ut friarealet elevane passerer over for å komme til Skogamora, ulike stiar, Legene og til bustadar i Skyttakvia til tomter. 12-14 bueiningar dersom leilighetsbygg. Færre dersom einebustadar. Tilkomst til tomtane via både Skyttarkvia og Geila. Flaumsikring av bekken-bekken er ikkje dimensjonert for ein 200 års flaum.

Innspel frå FAU:

Innspel frå FAU om at det er sterk helling i terrenget over tomtene og stien ungane føl no er lagt unna hellinga for å ha litt sikringsrom ved stein-nedfall.

Gangveg til Legenesstølen og Skogamora og samt for ungane som går til skulen ligg inne i prosjektet.

Viktig å legge inn vegen som gangveg, ikkje sti som på framvist skisse-då må nokon brøyte og vedlikehalde samt at det opner for muligheter for belysning.

---

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

Tilkomstveg er teikna inn som 3,5 m. Dette er mogleg noko smalt for å ha plass til to bilar som passerer kvarandre og samstundes til ungar på vegskulder. Blir verre på vinteren med brøytekantar. Dei forsøker å planlegge inn fortau i nedre del mot Geila. I øvre del opp mot Skytterkvia er det berre teikna inn tre bueningar og her tenker Norplan at ein ikkje skal lage noko ekstrasfortau eller sikring langs vegen.

FAU ønsker at gangveg/sti bør lagast klar før bygging tek til, slik at ungene kan gå til og frå i byggeperioden. Plansjef og planutval har også vore svært klare på at denne gangvegen/stien skal oppretthaldast.

FAU ønsker at ein skal sjå på dette med fortau og lyssetting for å sikre ungene sin veg til og frå skulen og uteområda skulen nyttar

FAU ønsker at nedre del av bekken må behaldast som leikeplass til tross for flaumsikring. Mykje leikeaktivitet i bekken heile året.

FAU ønsker at området over erstatningsområdet må sjekkast med tanke på steinsprang og lause steinar- området som vert teke no er trygt for ungene å leike på og bevege seg i. Erstatningsområdet grenser opp mot et område der det ofte fell ned stein og isklumpar og vi ønsker at ungar som leikar i område skal være trygge.

FAU ønsker færre og større bueningar som er meir attraktivt for barnefamiljar som vert buande i området.

Tilbakemelding frå FAU ønskast så raskt som mogleg, gjerne innan 17 mai. Norplan og utbyggar reknar med det vert møte med kommunen etter sommaren. Alle naboinnspel og innspel frå FAU blir lagt med Norplan sine planar og leverast til planutvalet.

## **17. mai 2022**

17 mai ved Slåtten skule er 5. klasse sitt ansvar. 6. og 7. skal bake. Gjærbakst skal ikkje leverast. Runde kaker ønskast. Klassekontaktane får bestillingslister og fordeler vidare. Viktig å merke kva kaker som er allergivennlege. Nokre får i oppgåve å trakte kaffi i staden for å bake.

FAU ønskjer at inntektene frå 17. mai går til Legene.

KFU- Flyktingar frå Ukraina som kjem til skulen. Tre bustadar som kan ta i mot i Slåtten sin krins, men det ser ikkje ut som vi får elevar frå Ukraina før til hausten.

Ungdata undersøkinga – bra resultat. Små endringar. Dei frå velstående heimar trivst veldig godt. Dei frå mindre velstående heimar kjenner mykje på ting dei ikkje har.

Aktivitetskortet, kan vere eit tilbod til dei ungene som treng støtte. Aktivitetskort skal gi barn og unge gratis eller rabattert tilgang til ulike fritidsaktivitetar.

PPT-tenesta har ikkje psykolog. Strever litt etter generasjonsskifte. Samstundes melder helsesykepleiarar at dei er overarbeidd og ikkje har kapasitet til å ta unna.

Traffikktrygghetsråd-her må vi vere på med kva vi ønsker å utbetre i trafikken rundt skulen.

Utemiljømidler- kan søkast om. Kan brukast til å utbetre stien opp mot Skogamora.

Vi kan søke LO om midlar til Legene.

Det er tilsett ein ny lærar ved Slåtten skule, Kathrine Grytten. Ho har vore tilsett som assisterande rektor og lærar ved Gjelsvik skule. Runar Lid Børseth har vore tilsett i vikariat ved Slåtten og får jobb vidare. I løpet av denne veka vil vi få vite om nokon kjem inn på vidareutdanning, det kan utløyse behov for fleire tilsette.

### **Møteplan for Foreldreutvalet – Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Slåtten skule**

**Desse skal møte på SMU - SU møte:** Christian Moltu, Torje Hirth, Hjørdis Vik og Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes. I tillegg til meg møter to representantar frå skulen, to frå elevrådet og ein politikar.

<b>Møteplan for FAU</b>	<b>Møteplan for SMU/ SU</b>
Tysdag 21.09.21 kl.19.00	Onsdag 24.11.21 kl.18.00
Onsdag 09.02.22 kl.19.00	<b>Onsdag 01.06.22 kl.18.00</b>
Onsdag 27.04.22 kl.19.00	

Oversikt over medlemmer i FAU finn de på heimesida til skulen.

### **Arbeidsgrupper i FAU på Slåtten skule:**

#### **Nærmiljø**

<b>Namn</b>	<b>Tlf</b>	<b>E-post</b>
Ina Ørjansen	98488042	ina_oerjansen@hotmail.com
Tove Klakegg	99379934	teek@hvl.no
Bjarte Lillehauge	91548398	bjartelillehauge@hotmail.com
Kristin Breivik	93630457	kristinlif@hotmail.com
<b>Christian Moltu</b>	<b>92269691</b>	<b>christian.moltu@helse-forde.no</b>
Gunnhild Sande	90051615	gunnhildsande@yahoo.com
Kirsti Solheim	97121382	kirsolhe@gmail.com

#### **Heim- skulegruppa**

<b>Namn</b>	<b>Tlf</b>	<b>E-post</b>
Maria Steimler	92451364	mstemler@hotmail.com
Therese Stokke	90671802	Therese.Stokke@konfliktraadet.no
<b>Torje Hirth</b>	<b>92283508</b>	<b>Torje.hirth@gmail.com</b>
Kerima Alette Førde	47641431	forde@live.no
Therese Bøyum	47154917	Therese3@hotmail.com

#### **Lese, skrive og reknegruppa**

Namn	Tlf	E-post
<b>Hjørdis Vik</b>	<b>93890188</b>	<b>hjordis.vik@gmail.com</b>
Veronika Løvold	95169653	velovold@start.no
Bård Honningsvåg	46813907	bard.honningsvag@eltelnetworks.no
Amela Sabic	41510258	amelas_007@hotmail.co
Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes	95116262	jeaneth.a.f.rosnes@gmail.com

Leiarane er utheva.

Slåtten skule, 27.04. 2022

Tove Eikeseth Klakegg

- Referent -